



RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLO

Dato: 11.03.2016  
Vår ref.: 2014/19554-14  
Saksbehandlar: erlhofs  
Dykkar ref.:

## Sandviksbodene 78 B, Bergen kommune. Oversending av forslag til fredningsvedtak

Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga sender med dette forslaget om fredning av Sandviksbodene 78 B i Bergen til Riksantikvaren.

Fredningsforslaget vart sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn 8. oktober 2015. Det kom inn tre høyringsfråsegner. Bergen kommune ved byrådet gav følgjande svar: «De gjenværende sjøbodene i Sandviken har svært høy kulturminneverdi. Bergen kommune er positiv til forslaget til vedtak om fredning av Sandviksboder 78 B (bygningsnr 139327241) i henhold til kulturminnelovens § 15. Bergen kommune anbefaler at fredningsbestemmelsens § 5 justeres noe for å gjenspeile betydningen av bygningen som historisk dokumentasjon over 200 års bruk.» Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde følgjande samrøystes vedtak: «Fylkesutvalet sluttar seg til fredningsforslaget for Sandviksbodene 78 B. Fredinga vil gi eit varig vern til ein av dei største og mest autentiske av dei bergenske sjøbodane.» Eigaren av bygningen uttalte at «Vi har ingen innvendinger mot fredningen og mener, i likhet med HFK, at boden har stor kulturhistorisk, industrihistorisk og historiefortellende verdi.»

Fredningsforslaget og innkomne merknader vart sendt Bergen kommune i brev av 10. desember 2015. Bergen bystyre handsama saka 17. februar 2016 og vedtok følgjande høyringsfråsegn: «Bystyret i Bergen kommune er positiv til forslaget til vedtak om fredning av Sandviksboder 78 B (bygningsnr 139327241).»

Både eigaren, kommunen og fylkeskommunens politiske organ har soleis slutta seg til fredningsforslaget. På bakgrunn av innspelet frå Bergen kommune i første høyringsrunde har fylkeskommunen gjort ei mindre tilføyning til punkt 5 i fredningsføresegnene, slik at det no lyd: «Tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan tillatast i særlege tilfelle *så fram t tiltaket ikkje strir mot formålet med fredinga*, kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.» (tilføyninga utheva her). Med dette vert det peika meir eksplisitt på formålet med fredinga, der det kjem det til uttrykk at bygningen skal bevarast «som eit (...) viktig eksempel på ein bergensk sjøbod (...) prega av fleire ombyggingar gjennom 200 års bruk som tørrfiskbod.»

Utover dette gir ikkje høyringsmerknadene grunn til endringar i fredningsforslaget.

For redigerbare versjonar (word-format) av fredingsforslaget og dokumentasjonsrapporten, ber me Riksantikvaren kontakta vår sakshandsamar [erlend.hofstad@hfk.no](mailto:erlend.hofstad@hfk.no) .

Skulle det vera ytterlegare kommentarar til forslaget til fredingsvedtak, kan desse rettast til Riksantikvaren.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
ROLF OLSEN SANDVIKSODER AS  
BERGEN KOMMUNE

Vedlegg

- 1 Fredingsforslag
- 2 Kulturminnedokumentasjon
- 3 Høyringsfråsegn Bergen kommune
- 4 Høyringsfråsegn Fylkesutvalet i Hordaland
- 5 Høyringsfråsegn Rolf Olsen Sandviksboder AS
- 6 Fråsegn andre gongs høyring